

Fra: Fylkesordfører (Fylkesordforar@hfk.no)

Sendt: 12.03.2018 09:15:08

Til: Dokumentsenteret - Postmottak

Kopi:

Emne: VS: Uttale til søknad om konsesjon for landingsplass for helikopter i Simadal

Vedlegg: image003.png

Fra: Elnan, Gunnar [mailto:gunnar.elnan@eidfjord.kommune.no]

Sendt: 5. mars 2018 18:43

Til: Jan Nordø ; Anita Fjellheim

Emne: Uttale til søknad om konsesjon for landingsplass for helikopter i Simadal

Se vedlagte saksdokumenter:

Vedlagt følger formannskapet si sak til handsaming. Saka var oppe i møte i dag i ekstramøte.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til tilråding med følgjande endring:

Talet flyrørslar vert auka til 600. Dette vert grunngeve med at 300 flyrørslar er Statkraft aleine sitt behov. Statnett har eit omfattande linjenett med utgangspunkt i Sima kraftstasjon som krev vedlikehald og tilsyn.

Saka skal slutthandsamast for kommunen sin del i kommunestyret 19. mars

Pga storleik på e-post kunne ikkje vedlegg sendast. Alle innspel er lagt ut på kommunen si heimeside under Innsyn - postlister

Mvh

Gunnar Elnan

Einingsleiar areal & miljø

47612205/53673652



EIDFJORD KOMMUNE

Arkiv: K2 - N43, K3 - &18

Arkivsak ID: 18/60 - 74

Journalpost ID: 18/1038

Saksh.: Gunnar Elnan

Dato: 02.03.2018

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saknr
Eidfjord formannskap		
Eidfjord kommunestyre		

Uttale til søknad om konsesjon for landingsplass for helikopter i Simadal

Dokument i saka:

Dok.dato	Tittel
01.03.2018	Høringsuttalelse, landingsplass for helikopter i Simadal
28.02.2018	Uttale i samband med søknad om konsesjon for landingsplass for helikopter
28.02.2018	Uttale i samband med søknad om konsesjon for landingsplass for helikopter
01.03.2018	Uttale i samband med søknad om konsesjon for landingsplass for helikopter
28.02.2018	Uttale i samband med søknad om konsesjon for landingsplass for helikopter
28.02.2018	Uttale i samband med søknad om konsesjon for landingsplass for helikopter
28.02.2018	Uttale i samband med søknad om konsesjon for landingsplass for helikopter
28.02.2018	Uttale i samband med søknad om konsesjon for landingsplass for helikopter
28.02.2018	Uttale i samband med konsesjon for landingsplass for helikopter
28.02.2018	Vedk. søknad om landingsplass for helikopter ved Sima.
28.02.2018	Bed om utsetjing av høringsfrist
28.02.2018	Uttale i samband med helikoptertrafikk
28.02.2018	Uttale i samband med helikoptertrafikk
27.02.2018	Uttale i samband med helikoptertrafikk
27.02.2018	Uttale i samband med helikoptertrafikk
27.02.2018	Uttale i samband med helikoptertrafikk
27.02.2018	Uttale i samband med helikoptertrafikk

Dok.dato	Tittel
27.02.2018	Uttale i samband med helikoptertrafikk
22.02.2018	Uttale i samband med helikoptertrafikk
27.02.2018	Uttale i samband med helikoptertrafikk
27.02.2018	Uttale i samband med helikoptertrafikk
27.02.2018	Uttale i samband med helikoptertrafikk
27.02.2018	Uttale vedk. helikopterflyging
26.02.2018	Uttale vedk. helikopterflyging
26.02.2018	Uttale vedk. helikopterflyging
26.02.2018	Uttale vedk. helikopterflyging
26.02.2018	Uttale til "Høyring på søknad om konsesjon for Eidfjord helikopterplass, Simadal"
25.02.2018	Uttale i samband med helikopterflyging
25.02.2018	Uttale i samband med helikopterflyging
24.02.2018	Uttale i samband med helikopterflyging
23.02.2018	Uttale i samband med helikopterflyging
24.02.2018	Uttale i samband med helikopterflyging
23.02.2018	Uttale i samband med helikopterflyging
23.02.2018	Uttale i samband med helikopterflyging
25.02.2018	Uttale i samband med helikopterflyging
23.02.2018	Høyring på søknad om konsesjon for Eidfjord helikopterplass, Simadal
23.02.2018	Høringsuttalar til Luftfartstilsynet i sak 17/00267-49 og 17/19099-6
22.02.2018	Protest - helikopterlandingsplass
22.02.2018	Høyring vedr. helikopterlandingsplass Simadal
22.02.2018	Svar på Høring - søknad om konsesjon for landingsplass for helikopter i Simadal Eidfjord
22.02.2018	Uttale i samband med helikoptertrafikk
21.02.2018	Uttale i samband med helikopterflyging
20.02.2018	Uttale i samband med helikoptertrafikk
20.02.2018	Uttale i samband med helikoptertrafikk
19.02.2018	Eidfjord Helikopterbase.pdf
18.02.2018	Uttale vedk. helikoptertrafikk
18.02.2018	Uttale vedk. helikoptertrafikk
19.02.2018	Uttale vedk. helikoptertrafikk
18.02.2018	Uttale vedk. helikoptertrafikk
18.02.2018	Uttale vedk. helikoptertrafikk
17.02.2018	Uttale vedk. helikoptertrafikk
17.02.2018	Uttale vedk. helikoptertrafikk
17.02.2018	Uttale vedk. helikoptertrafikk
16.02.2018	Uttale vedk. helikoptertrafikk
16.02.2018	Helikopter trafikk i Eidfjord - uttale
16.02.2018	Helikopterturisme - uttale
16.02.2018	Protest turistflyging helikopter og sjøfly over bre og fjell
15.02.2018	Konsesjon Eidfjord Helikopter plass - uttale
15.02.2018	Vedk. søknad om konsesjon for landingsplass for helikopter i Simadal
09.02.2018	Statkraft. Høyring på søknad om konsesjon for Eidfjord helikopterplass, Simadal
09.02.2018	Protest helikopterlandingsplass i Simadal
09.02.2018	Protest helikopterlandingsplass i Simadal
08.02.2018	Vi ber om utsettelse av politisk behandling av turistflygingsaker til etter påske 2018
08.02.2018	NRK-Hordaland innslag
06.02.2018	E-postdialog med Eidfjord kommune v/ saksbehandler i turisflyging med helikopter- saken.
07.02.2018	Fylkesmannens uttale - Eidfjord - Simadal - Eidfjord helikopterplass

Dok.dato	Tittel
01.02.2018	17/19099-11 - Søknad om utvida høyringsfrist
01.02.2018	Vedrørende helikopterlandingsplass i Simadal.
26.01.2018	Helikopterlandingsplass Sima - høyringsbrevet og søknad
01.12.2017	Høyring - Søknad om konsesjon for Eidfjord helikopterplass, Simadal

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eidfjord kommune vil tilrå at det vert gitt konsesjon for Eidfjord helikopterplass, Simadal, for Statkraft si verksemd avgrensa til 300 flyrørslar i året. Innanfor denne råma bør konsesjonæren kunna gi løyve til bruk av landingsplassen til ålmennytteige føremål for transport der føremålet krev løyve etter lov om motorferdsel i utmark.

Eidfjord kommune meiner det ikkje skal gis konsesjon for turistflyging for Eidfjord helikopterplass, Simadal. Landingsplassen sin nærleik til villreinområde, landskapsvernområde og nasjonalpark gjer at det må leggjast avgjerande vekt på effekt og konsekvens for miljø, naturmangfald, næringsinteressar og helse.

Vedlagt:

Høyringsbrev frå Luftfartstilsynet
Innkomne merknader

Desse har uttalt seg i saka:

Hordaland fylkeskommune
Fylkesmannen i Hordaland
Hyttteeigarar og hytteveiv i Sysendalen
Busette i Sysendalen
Villreinnemnda for Hardangervidda
Villreinnemnda for Nordfjella
Bergen og Hordaland turlag
Busette i Eidfjord

Særutskrift skal sendast til:

Luftfartstilsynet

Endeleg avgjerd i:

Kommunestyret

Saka gjeld:

Luftfartstilsynet sender på høyring søknad frå Statkraft om konsesjon til å anleggja, driva og inneha helikopterlandingsplass regulert til føremålet i Simadalen. Frist for uttale er 16. mars.

Landingsplassen søkjast brukt for VFR-flygning (flygning etter visuelle flygeregler) i dagsljøs, avgrensa til tidsrommet mellom kl. 0700 og kl. 2300. Det søkjast om løyve til totalt 2.200 flybevegelser pr år, med maksimalt 200 flybevegelser pr veke. Den type helikopter som reknast med vert brukt, og som har høgast støynivå, er Eurocopter AS350.

Det samla behovet for flygning til turistformål og inspeksjon- /vedlikehald av kraftanlegg og linjenett, gjer at det nå søkjast om konsesjon for landingsplass for helikopter i Sima. Statkraft har i tillegg opplyst at behovet for eigen del er 300 flyrørslar (landing og takeoff) i året.

Søknaden gjelder landingsplass til privat bruk. Av dette følgjer at Statkraft som grunneigar kan regulera bruken innanfor dei råmer ein konsesjon vil gi. Ifølgje luftfartsloven § 7-6 skal konsesjon bare gis når det er i samsvar med ålmenne omsyn, og uttale frå vedkommande kommunale og andre myndigheiter skal vera innhenta før konsesjon eventuelt vert gitt. Vilkårø «forenlig med ålmenne hensyn» er nærare presisert i forskrift 11. januar 2007 nr. 40 om konsesjon for landingsplasser (BSL E 1-1 – heretter konsesjonsforskriften) § 1 bokstav b, som lyder:

«Formålet med forskriften er:

b) Å sikre en samfunnstjenlig luftfart og en hensiktsmessig disponering av arealer, og at vurderingen av konsesjonssøknader skjer ut fra hensynet til miljø, helse, flysikkerhet, næringsinteresser, reguleringsplan, kulturlandskap, samt hensynet til regional utvikling og bosetting.»

Sentralt for Luftfartstilsynet er lokalt syn og vurdering i forhold til slutthandsaming av konsesjonssøknaden. Saka har vore lagt ut på heimesida og varsla næraste naboar til landingsplassen med høve til å kome med innspel. Saka har skapt høgt engasjement, kommunen har motteke over 70 innspel. Det let seg difor ikkje gjera å kommentera det enkelte innspel, men det vert laga ei liste for å summera opp argument. I tillegg vil alle innspel leggjast ved kommunen si uttale til Luftfartstilsynet (LT).

Innspel frå	Hovudmerknader
Villreinemnda for Hardangervidda	Manglande vurdering etter §8 i Naturmangfaldlova Omsyn til potensielt leveområde for villrein
Hytteigarar i Sysendalen	Negativ effekt på dyre- og fuglelivet. Uroing Utslepp frå helikopter. Belastning på miljø I strid med ynskje om stillhet og ro. Støy og frå sjøfly Øydelegge for turistvegprosjektet og i strid med NHO Reiseliv sin strategi.
Hyttevel i Sysendalen	Mangelfull vurdering. Negativ konsekvens for dyre- og fugleliv I strid med ynskje om stillhet og ro. Støyforureining Bed LT ikkje tillate turistflyging. Peiker på DE si rolle, eigd av EK. Ikkje i samsvar med merkevara til Fjord Norge, Visit Norway, NHO Reiseliv, DNT
Busette i Sysendalen	I strid med ynskje om stillhet og ro. Selskap reklamerer med rundflyging. Bed LT avvise søknaden. Konsekvensutgreiinga til søknaden er mangelfull.
Fylkesmannen i Hordaland	LT naudsynt vurdering av utvida kapasitet for naturmangfald, vilt, friluftsliv og lokal busetting i nærrområde og influensområde Presisering at uttale om støy var relatert til landingsplassen. Behov for planavklaring etter pbl
Bergen og Hordaland turlag	Regionalt viktige friluftsområde i influensområdet. Viser til spørreundersøking. Mangelfull konsekvensutgreiing
Grunneigarar i Simadalen	Forståing for flyging i samband med Statkraft sin drift. Støy mellom fjella i trong dal.
Finse hytteforening	Mangelfull konsekvensvurdering. Mangelfull vurdering etter relevant lovverk.
Bebuarar i Eidfjord	Negativt for bebruarane. Mangelfull søknad. Negativ konsekvens for turistvegprosjektet.
Nordfjella villreinemnd	Nordfjella-rein bruker aktuelt overflygingsområde som kan medføra fortrenging.

Oppsummering av innspel:

- Alle innspel er negative til at det vert gitt konsesjon for turistflyging.
- Det er stor forståing for behovet Statkraft har til bruk av helikopter i sin drift av kraftverk med tilhøyrande anlegg.
- Søknaden er mangelfull og konsekvensane er ikkje tilstrekkeleg utgreidd, det vert spesielt peikt på støy, dyre- og fugleliv, friluftsliv og turisme.

Kommunen har i samband med søknader om motorferdsel i utmark og generelle spørsmål om landing i kommunen vist til den regulerte landingsplassen i Simadalen og gjort merksam på at denne kan brukast under føresetnad av at det er greitt frå Statkraft si side. Det er Statkraft som har forvalta landingsplassen som eigar og dei råmer for landing luftfartslova sine reglar tilseier. Ein søknad om konsesjon kjem som følgje av at det til tider kan vera meir aktivitet enn det behovet Statkraft sjølv har.

Saker kommunen får gjeld der det er behov for landing og kommunen er forvaltningsmynde i samband med motorferdsel i utmark. Omfanget av slike saker er lågt og gjeld handsaming av enkeltsøknader kor føremål og konsekvens vert vurdert.

Økonomiske konsekvensar:

Rådmann ser ikkje vesentlege negative eller positive konsekvensar for kommunen sin drift. Reknar primært med at det er Statkraft sin verksemd som vil gi volumet på landingsplassen. Meiner og at det er denne verksemda som i si heile fyller vilkåra i forskrifta. Når det gjeld flyging til andre føremål (turistflyging) saknar ein meir dokumentert behov, effekt og konsekvens for miljø, næringsinteressar og helse.

Juridiske konsekvensar:

Landingsplassen det vert søkt om konsesjon for, er avsett til Helikopterlandingsplass i gjeldande kommuneplan for område. Det er ikkje reguleringsplan for området. Landingsplassen ligg ut til Simadalsfjorden med offentleg byggeområde rundt. Det er krav om reguleringsplan for bygging i område sett av til byggeområde. Den vidare handsaming av vil vera avhengig av omfang og reglar i plan- og bygningslova.

Miljømessige konsekvensar:

Statkraft har som vedlegg til søknaden lagt ved miljøutgreiing til konsesjonssøknaden. Miljøutgreiinga er relatert til landingsplassen. Her er støy vurdert å vera sannsynleg effekt av tiltaket. Flyhøgde har stor tyding for støy. Simadalen ein smal dal med bratte fjellsider opp til 11-1300 m.o.h. Sjølv med flyging over 300 m vil nærleik til fjellsider medføra støy ned mot dalbotnen og fjellsidene. Også nærleik til fjellområda på nord og sørsida av Simadalen, som inngår i villreinområdet, gjer at det må gjerast grundig vurdering av effekt av flyging.

Utslepp til luft er vurdert som mindre sannsynleg. Dette er ikkje nærare dokumentert. Reknar med det kan reknast på kva miljøpåverknad bruk av helikopter har og at informasjon om dette kan leggjast fram.

Det er svart at tiltaket lite sannsynleg vil påverka biologisk mangfald. Det er registrert raudlista fugleartar i Simadalen. Inn- og utflyging er vist i eit område frå Kalvanes i vest til og med Sæd gard i aust. Det står elles ikkje noko om flyhøgde i søknaden.

Området, rundt arealet sett av til Landingsplass, er avsett til offentleg byggeområde i kommuneplanen, men er i dag brukt til interne vegar, kai med kran (eigar Statkraft) og friområde (stort grasareal brukt til m.a. fotballturnering). Kai og strandsone er tilgjengeleg for ålmenta og vert nytta til fritidsfiske. Av omsyn til sikkerheit er det naudsynt at landingsplassen vert inngjerda.

Personalmessige konsekvensar:

Ingen kjende for kommunen.

Konsekvensar for folkehelse:

Støy og mogleg restriksjonar på bruk av nærområda til landingsplassen vil vera negative faktorar.

Geir Underhaug
rådmann

Rett utskrift:

Mvh

Gunnar Elnan

Einingsleiar areal & miljø

47612205/53673652

Gunnar Elnan
sakshandsamar